


SSf

SOGN OG
FJORDANE
TEATER

Kirsebærhagen

av ANTON
TSJEKHOV



NB Paria
Depotbibliotek

APH 94

ANTON TSJEKHOV OG «KIRSEBÆRHAGEN»

Knapt nokon annan forfattar har fått større innverknad på europeisk teater i vårt hundreår enn Anton Tsjekhov. Ved sida av Shakespeare og Ibsen er det først og fremst Tsjekhov sine drama som vender attende gong på gong på teatra i Europa, Amerika og - heile verda.

Mannen sjøl blei født den 17. januar 1860 i Taganrog i Syd-Russland, kjøpmannsson i ein bornerik familie. Da familien flytta til Moskva, byrja Anton å studere medisin, samstundes som han skreiv artiklar og forteljingar til aviser og tidsskrifter, i første omgang for å bidra med sitt til familiekassa. Første gongen han fekk trykt ei historie, var i 1880, i skjemtebladet «Agnestikkaren» i St.Petersburg. Det skulle bli hundrevis av noveller og historier i dei komande åra. Det første teaterstykket hans, «Ivanov», fekk premiere på Korch-teatret i Moskva i 1887. Tsjekhov hadde vore hengiven til teatret heilt sidan han som liten gut hadde sett operetta «Den skjønne Helene».

Dei fire mest berømte skodespela hans, «Måken» (1896), «Onkel Vanja» (1899), «Tre søstre» (1901) og «Kirsebærhagen» (1904), fekk sine første suksessar på Moskva Kunstnertheater, i hendene på den legendariske teatermannen Konstantin Stanislavskij. Tsjekhov var ikkje sjøl lukkeleg over den melankolske og gjennomført tragiske tolkingsmåten Stanislavskij la i stykka hans, men ikkje desto mindre var det Kunstnertheatret som skreiv Tsjekhov sitt namn inn i teaterhistoria. Det var og her han fann kona si, skodespelarinna Olga Knipper, som kom til å få roller skrivne av ektemannen, med direkte adresse til ho.

På dette tidspunktet, på høgda av karrieren, leid Tsjekhov av langt framskriden tuberkolose, og få månader etter premieren på «Kirsebærhagen», det siste stykket han skreiv, døydde han på reise i Tyskland, berre 44 år gamal.

Ved 80-årsdagen for Tsjekhovs død for ti år sidan, skreiv forfattaren Thomas Mann m.a. dette:


«Litteraturen var, for å bruke hans egne ord, elskarinna hans, medan vitskapen, medisinen, var hans ektevigde hustru, og han kjende seg skuldig hos den

siste når han var utru med den første. Derfor la han ut på den strevsomme og helsefårlege vegen til Sakhalin, og skreiv ein rapport som både vekte oppsikt og verkeleg førte til reformer. Derfor praktiserte han som landsbylækjar ved sida av å skrive, og han spar-te seg aldri. Derfor var han forstandar for kretssjuke-huset i Svenigorod ved Moskva. Derfra førte han kampen mot koleraen, i Melikhovo, sitt eige distrikt, der han får tvinge gjennom eit anlegg med nye brak-ker, og i tillegg fungerer som verge for borna i den vesle skulen. Midt oppe i alt dette blir han stadig



meir kjent som forfattar, men ser på det med skep-sis, med skamfullt samvit. «Eg fører sikkert lesaren bak lyset,» skriv han, «eg som slett ikkje veit svara på dei djupaste spørsmål.»

Den ironiske haldninga til sitt eige ry, tvilen på at verket hans hadde meining og verdi, og dette at han aldri trudde han var noko, det viser berre kor stor han verkeleg var, på sin stillferdige måte.»



WOLFGANG PINTZKA

Det er med stor glede vi kan helse Wolfgang vel møtt igjen på Sogn og Fjordane Teater. For to år sidan sette han opp Brechts «Tolvskillingsoperaen», eit stykke han vel meir enn nokon annan teatermann i Noreg skulle kjenne til fingerspissane.

Som ung, nyutdanna teatermann (frå teaterskule i Weimar/Leipzig) byrja han som regiassistent for ingen annan enn Bertolt Brecht i Berliner Ensemblet. Ved dette teatret var han så regissør i mange år, og etter at Brecht døydde i 1956, arbeidde han saman med Erich Engel («Tolvskillingsoperaen», «Schweyk» m.m.)

I åra ved Berliner Ensemblet (fram til 1984) sette han opp stykke av mellom andre Dario Fo, Bernhard Shaw, Armand Gatti, Ostrowski, Beckett, moderne tyske forfattarar som Rolf Hochhuth, Peter Weiss, Volker Braun, i tillegg til Brecht, sjølsagt, som han har sett opp i mange land.

I fem år var han direktør og kunstnarleg leiar ved «Bühnen der Stadt Gera», og han har hatt fleire regioppgåver ved Berliner Volksbühne, Nasjonalteatret i Reykjavik, i Finland ved teatra i Helsinki, Turku og Tampere, Nationaltheatret i Oslo, Det Norske Teatret, Oslo Nye Teater, Den Nationale Scene i Bergen, Rogaland Teater og Trøndelag Teater.

Wolfgang Pintzka har og undervist både skodespelar- og instruktørstudentar i Berlin, ved Regi-instituttet og Teaterhøgskulen, og ved teaterhøgskulane i Helsinki, Stockholm, Gøteborg og Oslo.

Han omset russiske, norske og svenske bøker og drama til tysk og er mykje brukt som novelle- og artikkelforfattar i det kjende tyske kulturtidsskriftet «Weltbühne». Og han har skriva og gjeve ut bøker om skodespelarar og teater (t.d. «Teater i Kina», «Helene Weigel», «Erich Engels arbeid»).



HANS PETTER HARBOE

scenograf

Hans Petter Harboe kjem som i «Tolvskillingsoperaen» for to år sidan i tospann med instruktøren Wolfgang Pintzka, til eit nytt tak på Sogn og Fjordane Teater. Han har vore frilans scenograf sidan 1978 og gjort om lag 60 oppsetjingar som omfattar klassisk og moderne drama, musikalar, operetter, revy, barneteater og dokketeater, dei fleste ved Oslo Nye Teater. Dei viktigaste oppgåvene han har hatt på Oslo Nye - Dukketeatret er «Mørkemors hemmelighet» og «Keiseren og nattergalen». Tidlegare oppgaver denne sesongen er m.a. «Cabaret» på Rogaland Teater og «Mysterier» på Den Norske Opera. Siste premieren hans før «Kirsebærhagen» er den musikalske kriminalkomedien «Det ugler i mosen» på Oslo Nye.


KIRSTEN GRAN

koreograf




Kirsten Gran er til dagleg vår faste amatørteaterkonsulent og hjelper teaterglade menneske i fylket med hjelp til instruksjon, kurs i teater og dans, utleige av utstyr, osb.

Ho kom til teatret i fjor vår med ein variert bakgrunn. Ho kjem frå Oslo og byrja tidleg å danse. Etter å ha vore NM-meister i selskapsdans ei rekkje gongar, kom ho inn på Den Norske Balletthøgskulen og utdanna seg som dansar, ballettpedagog og koreograf. Etter vidare studier ved danseakademiet «The Place» i London, jobba ho ei tid ved forskjellige Oslo-scener. I seinare år har ho hatt koreografioppgåver ved Rogaland Teater og Nordland Teater og dessutan sett opp ei lang rekkje amatørteaterframsyningar.



Magne Olav Brevik, Wiggo Lebsanft



PER JANKE JØRGENSEN

musikalsk ansvarleg

Som teatret sin faste musikar har Per hatt det musikalske ansvaret for dei fleste produksjonane våre, faktisk heilt sidan starten i 1977. I tillegg til å vere arrangør og utøvar, har han komponert musikk til ei rekkje framsyningar her på teatret. Han er kan hende mest kjend for musikken til KINNASPELET.

«KIRSEBÆRHAGEN» PÅ NORSKE SCENER

Det tok nokre tiår etter urpremierane i Moskva før Tsjekhov sine skodespel fann vegen til norsk teater. Først i 1930 fann den første norske Tsjekhov-premierer stad. Det var «Morbror Vanja», som det heitte den gongen, på Det Norske Teatret. Same året gav Noregs Mållag ut einaktarane «Bjørnen» og «Festarøl» i nynorsk omsettjing, til disposisjon for norske spellag.


I det heile fekk bokormane i Noreg tidlegare kjennskap til Tsjekhov enn teatergjengarane. «Kirsebærhagen» vart omsett til norsk og utgave alt i 1922, men enno skulle det gå mest tretti år før det kom til ein Noregspremiere. Men i 1949 skjedde det, enno ein gong på Det Norske Teatret, og med Tordis Maurstad, som hadde vunne sin første store siger som Sonja i «Morbror Vanja», som Ljubov.

Etter 1950 har Tsjekhov-spela vore sett opp med jamne mellomrom på alle teatra våre, ofte fleire stader samstundes. (Teatret Vårt i Molde har premiere på «Tre søstre» same dag som oss!) «Kirsebærhagen» har gått på Nationaltheatret tre gongar (1959, 1971, 1988), på Rogaland Teater (1962), Trøndelag Teater (1967), Den Nationale Scene (1968), om att på Det Norske i 1979 og fleire gongar i Radio- og Fjernsynsteatret.

Hanne
Dieserud



Inger Lise
Westby,
Torbjørn
Halvorsen



Nicolay Lange-Nielsen, Hanne Dieserud

Kirsebær

av Antoinette

Omsett av Liv Schøyen frå russisk og et

Tilrettelagt for Sogn og Fjord

Regi:

Scenografi/kostyme:

Koreografi:

Masker:

Musikalsk ansvarleg:

DEI SOM ER MED:

Ranévskaia, Ljubóv Andréjevna, godseier

Anja, dotter hennar

Várja, pleiedottera henna

Gájev, Leoníd Andréjevitsj, broren til Rá

Lopákhin, Jermoláj Alekséjevitsj, kjøpm

Trofímov, Pjotr Sergéjevitsj, student

Simeónov-Pístsjik, Borís Borísovitsj, go

Charlotta Ivánovna, guvernante

Jepikhódov, Simjón Panteléjevitsj, kont

Dunjásja, tenestejente

Firs, gammal lakei

Jásja, ung lakei

Musikant og ballgjester

Karsten Troyke sy

«Tumbalalaika» og «Beigelech» er g

Språkkonsulent

Inspisient: Jenny C. Petersen, *Rekvisitt*

Snikkar: Asbjørn Hatlem, *Leiar systove:* K

Teknikarar: Kenneth Rø

Framsyinga varer om la

Det er ikkje lov å fotografere eller gjere

Premiere i Førdeh

Ærshagen

in Tsjekhov

ter bokmålsomsetjinga til Kjell Helgheim.

ane Teater av Wolfgang Pintzka.

..... Wolfgang Pintzka
..... Hans Petter Harboe
..... Kirsten Gran
..... Torunn Løken
..... Per Janke Jørgensen

igarinne INGER LISE WESTBY
..... HANNE DIESERUD
..... TINA HARTVIG
anévskaja WIGGO LEBSANFT
mann THOR M. AAMODT
..... NICOLAY LANGE-NIELSEN
odseigar MAGNE OLAV BREVIK
..... MICHAELA SPANDOW
torist MAGNE OLAV BREVIK
..... MICHAELA SPANDOW
..... TORBJØRN HALVORSEN
..... NICOLAY LANGE-NIELSEN
..... PER JANKE JØRGENSEN
..... ASBJØRN HATLEM
..... KENNETH RØSANDHAUG

ng«Tumbalalaika» –
amle tradisjonelle jiddische melodiar.
t: Rolf Losnegård

tar/suffli: Kari Nordhaug, Lys: Atle Øydvin
ari Ystanes, Systove, ass.: Ruth Siri Seime
øsandhaug, Halldor Horne

ag 2 1/2 time med pause.
e opptak (lyd/video) under framsyninga.

uset 5. mars 1994.

Ljubov Andréjevna

«Å, hagen min! Etter den mørke, regnfulle hausten og den kalde vinteren er du like ung att, full av lykke, englane i himmelen har ikkje gått frå deg.»

INGER LISE WESTBY



... har om lag tretti års fartstid i norsk teater og har spela Ibsen, Holberg, Brecht; kabaret, oppsøkjande teater og lettsindige farsar, i det heile noko av det meste, på ulike norske scener. «Kirsebærhagen» har ho vore med i før. Ho spela Dunjásja på Rogaland Teater i 1962. På Sogn og Fjordane Teater har ho tidlegare vore med i «Rasmus og Juni», «Den bortkomne faderen» og «Reisa til dei grønne skuggane».



Anja

«Mamma bed Dykk: Ikkje hogg ned trea før ho er reist.»


HANNE DIESERUD

... har teaterutdanninga si frå England og Italia. Ho debuterte i frigruppa Teater Nova i 1987 og var ved Nordland Teater før ho kom til Førde sist haust. No i vårsesongen spelar ho, utanom Anja, også Alfred Ape i «Jonas i jungelen», ei rolle ho overtok med bravur kort tid før premieren i desember. Hanne har tidlegare spela både Shakespeare og Molière, men dette er første Tsjekhov-rolla hennar.

Varja

«Men kjære mamma, eg kan da ikkje fri sjølv! ... Hadde eg hatt litt pengar, berre hundre rublar, skulle eg sleppt alt og reist min veg.»

TINA HARTVIG



... debuterte som Ophelia i «Hamlet» på Nationalteatret i 1983. Sidan var ho fire år ved Rogaland Teater, før Nationalteatret henta henne attende. Tina har spela Anne Frank, Jeanne d'Arc i «Lerken»,

Helena i «En midtsommernattsdrøm», og ikkje minst - Irina i «Tre søstre» av Tsjekhov. Det er med solid bakgrunn ho no går til ei ny Tsjekhov-rolle, for første gong på Sogn og Fjordane Teater.



Gájev

«Ja, ja. Eg teier. Eg teier.
Berre ein ting til...»


WIGGO LEBSANFT

... debuterte i 1974 og har spela ved mange ulike scener rundt om i landet. Ved Sogn og Fjordane Teater har han hatt ei lang rekke roller, der kan hende dr. Rank i «Et dukkehjem», bokhaldar Fransen i «Katten klore» og hovudrolla i «Ein gal manns dagbok» ragar høgst. I dag er han fast tilsett ved teatret, og i vårseongen kan vi og sjå han som Edmund Struts i «Jonas i jungelen».


Lopákhin

«Far min var bonde, men eg går
her i kvit vest og fine sko. Eit
grisetryne blant adelsfiffen.»

THOR M. AAMODT



... gjesta første gong på Sogn og Fjordane Teater sist haust, da han overtok hovudrolla i monologen «Sneker'n som slutta å plystre». Thor har sidan han debuterte på Trøndelag Teater i 1970 spela på dei fleste teatra i landet, lengst på Nordland Teater, der han var tilsett frå 1979 til 1987. Førre sesong spela han i «Møtet», «Fedre og sønner» og «Don Juans siste dager» på Rogaland Teater.



Firs

«Meg har dei gløymt ...
Livet er til ende og det er
som om eg aldri har levd.»

TORBJØRN HALVORSEN

... avslutta teaterhøgskulen i 1962 og har stått på rol-

lelister ved dei fleste teatra i landet. Dei siste åra har han vore fast ved Sogn og Fjordane Teater. Han var med i m.a. «Et dukkehjem», «Trollmannen frå Oz» og «Tolvskillingsoperaen». Seinast har vi sett han som både elefant og løve i «Jonas i jungelen», og i vinter/vår turnerer han og med Kafka-monologen «Betre utan hund».

Pístsjik

«Alle må falle for Dykk, eg ligg pladask... De er fortryllande, men 180 rublar må De likevel låne meg.»



MAGNE OLAV BREVIK

Jepikhódov

«Kvar einaste dag hender det meg ei eller anna ulykke. Men eg knurrar ikkje, eg er van med det, eg smiler til og med.»

... er ein av alt-mogleg-mennene i norsk teater. Sidan han debuterte på Den Nationale Scene i 1972, har han vore høgt og lavt i klassisk og moderne dramatik, kabaretar og musikalar; han har arbeidd ved alle Oslo-teatra og fleire av landsdelsscenene. Han har til og med spela teater i Warszawa. Yndlingsrollene hans har vore Sommerblom i «Det lykkelige valg» og logikaren i «Neshornet» av Ionesco.




Inger Lise Westby, Tina Hartvig, Thor M. Aamodt, Torbjørn Halvorsen, Wiggo Lebsanft

Trofimov

«Eg blir nok ein evig student.»

NICOLAY LANGE- NIELSEN



Jásja

«Livet her er ikkje noko for meg. Eg har fått nok av denne bondske fåkunna.»

... gjekk ut frå teaterhøgskulen i 1987 og debuterte i fri-gruppa De Unges Forbund. Seinare har han hatt roller ved Nationaltheatret, Oslo

Nye Teater, Rogaland Teater, Riksteatret og Nordland Teater. Han hadde hovudrolla i filmen «En håndfull tid», og siste prosjektet hans sist haust var einmannsframsyninga «Skorpionen» på Black Box Teater. I «Kirsebærhagen» gjestar han Sogn og Fjordane Teater for første gong.

Charlotta

«Tenk på eit kort. Stokk korta. Ein, zwei, drei! Sjå sjølv, kortet ligg i innerlomma Dykkar!»



MICHAELA SPANDOW

Dunjásja

«For ei lykke det må vere å få kome til utlandet!»

... kjem opphavleg frå Israel, men fekk teaterutdanninga si i Zürich. Då ho kom til Norge i midten av 60-åra, hospiterte ho ei tid på teaterhøgskulen, før ho debuterte i Fjernsynsteatret på perfekt, aksentfritt norsk. Sidan vart det jobbing på Nationaltheatret, Det Norske Teatret og tre år på Den Nationale Scene. Dei siste åra har ho vore ein av pilarane i Cabaretgruppen i Oslo. Det er første gong ho gjestar Sogn og Fjordane Teater.

REPERTOAR VÅR/HAUST 1994


JONAS I JUNGELEN
musikkteater for heile familien
av Hogne Moe.
Spelast i mai månad og seinare.

REISA TIL DEI GRØNE SKUGGANE
kvinnemonolog av Finn Methling.
Spelast i heile sesongen.

BETRE UTAN HUND
einaktar etter novelle av Franz Kafka.
Spelast i heile sesongen.

EIN GAL MANN'S DAGBOK
einaktar av Nicolaj Gogol.
Spelast i heile sesongen.

UTLENDINGEN
komedie av Larry Shue.
Regi: Judith Hollander.
Premiere i haustsesongen.



Thor M. Aamodt, Wolfgang Pintzka, Inger Lise Westby

EITT ABONNEMENT GRATIS.....

.... får du om du vil vere teaterkontakt og verve 10 eller fleire abonnentar.

Ein god idé for verksemder, institusjonar, foreiningar, lag og vennekretsar!

Spar pengar- bli abonnent du og!

Informasjon om teaterabonnement:

Telefon 57 82 24 77.

Ynskjer du.....

.... ei av framsyningane eller ein av skodespelarane våre til å opptre i samband med eit arrangement, kan du ta kontakt med teatret for nærare informasjon. »Reisa til dei grønne skuggane», »En gal manns dagbok» og »Betre utan hund», kan spelast i mindre lokale.

Spelstikke for Sogn og Fjordane Teater

nr 2 1994

Ansv. utg.: Emte Stag

Red.: Bent Kvalvik

Wolfgang Pintzka

Foto: Olav Øygaard

Lay-out: Turid Øygaard

Trykk: Firda Trykk

Øvrige tilsette ved teatret:

Emte Stag, teatersjef

Alvar Melvær, forretningsfører

Kirsten Gran, amatørteaterkonsulent,

Anna Skadal Jonstad, Olaug Thortveit, salssekr.,

Bent Kvalvik, info. sekr.,

Signe Marie Tomasgard, adm. sekr.,

Sissel Arneberg Sunde, kont. fullm.



Depotbiblioteket



96sd 11 427

Korssund:	tysdag	8. mars	kl 20.00
Kalvåg:	onsdag	9. mars	kl 19.30
Hyen:	torsdag	10. mars	kl 20.00
Selje:	fredag	11. mars	kl 19.30
Ulsteinvik:	laurdag	12. mars	kl 17.00
Ålesund:	måndag	14. og	
	tysdag	15. mars	kl 18.00
Volda:	onsdag	16. mars	kl 19.30
Måløy:	torsdag	17. mars	kl 19.30
Svelgen:	fredag	18. mars	kl 19.30
Askvoll:	søndag	20. mars	kl 19.30
Dale:	måndag	21. mars	kl 19.30
Bulandet:	tysdag	22. mars	kl 19.30
Nåra:	onsdag	23. mars	kl 19.00
Eivindvik:	torsdag	24. mars	kl 19.30
Lavik:	fredag	25. mars	kl 19.30
Balestrand:	måndag	11. april	kl 19.30
Vik:	tysdag	12. april	kl 19.30
Lærdal:	onsdag	13. april	kl 19.30
Aurland:	torsdag	14. april	kl 19.30
Fjærland:	fredag	15. april	kl 20.00
BUSSTURNÉ:			
Førde:	måndag	18. april	kl 19.30
Høyanger:	tysdag	19. april	kl 19.30
Sogndal:	onsdag	20. april	kl 19.30
Øvre Årdal:	torsdag	21. april	kl 19.45
Sandane:	laurdag	23. april	kl 19.30
Stryn:	søndag	24. april	kl 19.30
Nordfjordeid:	måndag	25. april	kl 19.30
Florø:	tysdag	26. april	kl 19.30

**MED ATTERHALD
OM ENDRINGAR!**